

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Radøy kommune v/Einar Færø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7417 - 15/2637

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

12.02.2015

Tilsyn med bassengbad - Radøyhallen

Den 01.11.14 sendte Miljøretta helsevern ut «meldingsskjema for badeanlegg» til samlege badeanlegg i Nordhordland. Dette for å få ei oppdatering av badeanlegga i kommunane.

Den 23.01.15 har miljøretta helsevern motteke utfylt meldingsskjema frå Radøyhallen, og på bakgrunn av dette vart det utført eit tilsyn av bassengbada etter **forskrift for badeanlegg, bassengbad og badestu m.v. (bassengforskriften)** den 03.02.15. Tilsynet vart gjennomført saman med Asgeir Nøttveit som er oppsynsmann for Radøyhallen. Det vart stilt spørsmål relatert til forskriftens krav til internkontroll, tryggleik og hygiene, samt ei synfaring av bassengbada og tilhøyrande teknisk anlegg.

Bassengbada i Radøyhallen består av to basseng. Eit hovudbasseng (25 m x 12,5m) og eit terapibasseng (7 m x 5 m). Begge bassenga er utsatt for ei forholdsvis høg personbelastning og nyttast av bl.a. av skular, symjeklubbar, padlekubbbar, fysikalsk avdeling og andre diverse leidgetakrar, samt til offentleg bading. Maksimalt tal på badande samstundes er satt til 70 personar i hovudbassenget og 8 personar i terapibassenget. Hovudbassenget er i bruk stort sett heile veka og på kveldstid fram til kl. 22. Temperaturen i hovudbassenget ligg på 28°C, og 34°C i terapibassenget. Bassenga vart bygd i 1988, og oppgradert i 2013 - 2014. Bassenga har reinseanlegg med sandfilter og UV-filter.

Saksvurdering

- Bassenga og garderober i Radøyhallen har vorte betydeleg oppgradert, med unntak av takplater og ventilasjonskanalar i garderober knytt til hovudbassenget. Desse er prega av fukt og bør bytast ut (oppgraderast).
- Det tekniske anlegget er oppgradert og tilpassa dagens krav, men skal i 2015 verta vidare modernisert (gå over til tørrklor).
- Rutinar for drift, tryggleik og hygiene ved anlegget gjer inntrykk av å vera gjennomtenkt og godt innarbeidd. Internkontrollsystemet inneheld skriftlege rutinar for prøvetaking og testing av vasskvalitet, samt reinhald (dagleg, i veka og kvar månad). Radøyhallen har gode rutinar for prøvetaking og kontroll av vasskvalitet. All kjemikalietilsetning føregår automatisk, etter elektronisk avlesing. Vassprøver vert også teke ut manuelt til mikrobiologisk og bakteriell analyse.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

Internkontroll er verksemdas dokumentasjon på at bestemming gitt i eller i medhald av forskrift overhaldas.
Enkelt forklart: Verksemda skal vite kva den skal gjere, gjere det og etterpå kunne dokumentere at det er gjort.

- Nokre av dei skriftlege rutinane/prosedyrane knytt til drifta har behov for å verta revidert, då dei ikkje samsvarar heilt med det som vert gjennomført (t.d. kan nemnes prosedyre for legionellakontroll).
- Det manglar skriftlege prosedyrar for handtering av det tekniske anlegget til kvart basseng, samt nokre skriftlege prosedyrar for drift.
- Det manglar skildring av korleis badeanlegget er organisert (leiing, organisjonskart, ansvar og oppgåver, delegering).

➤ **Observasjon under tilsynet**

§ 9 Opplæring og tilsyn med persontryggleik

- For å sikre trygg og stabil drift bør fleire enn oppsynsmann vera oppført i drift av anlegget.

➤ **Miljøretta helsevern vurderer at fylgjande forhold ved bassengbada i Radøyhallen er i strid med bestemming gitt i bassengforskrifta.**

§ 4 Ansvar. Internkontroll

- Det må kome tydeleg fram i internkontrollen korleis badeanlegget er organisert. Dette til dømes leiing, organisjonskart, ansvar og oppgåver og delegering.
- Skriftlege prosedyrar/rutinar for etterleving av forskriftas kap. II, III og IV.
- Prosedyre for revisjon av eige internkontrollsysteem.

§ 5 Opplysningsplikt til tilsynsmynda

- Det må utarbeidast internkontrollrutinar for å informere/varsle tilsynsmynda (miljøretta helsevern) ved uforutsette forhold og avvik som kan medføre helsemessig risiko (t.d. klorsvikt, sirkulasjonssvikt o.l.)

Opplysningar skal også gjevast i dei tilfelle kor slike forhold er blitt retta umiddelbart.

Me ber om at ein tiltaksplan for utbetring av forhold som er nemnt over vert utarbeidd og sendt til miljøretta helsevern. Planen må i tillegg til tiltak som skal gjennomførast også innehalde ei oversikt over gjennomføringstidspunkt.

Frist for tilbakemelding til miljøretta helsevern vert sett til 01.04.15.

Med helsing

Marit Johnsen
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingenjør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.